

# *TELEMARK NEI TIL EU*

## **Arbeidsplan for 2021**

**Arbeidsplanen for 2021 blir også prega av at Corona Pandemien set grenser for omfanget av arbeidet vi kan drive med. Vi skal i 2021 halde fram arbeidet med å styrke folkeopinionen mot norsk medlemskap i EU, ved å ta del i den offentlege debatten og halde oppe og vidareutvikle organisasjonen.**

**Til grunnlag for arbeidet i 2021 legg vi arbeidsplanen for Nei til EU, som vart vedteken av landsmøtet 6. og 7.november 2020. Vi vidarefører dei faste oppgåver som fylkeslaget må gjere kvart år.**

Vi vil utfordre dei politiske partia med handlingsrommet innafor EØS-avtalen og særskilt i høve til regjeringa og stortinget sitt arbeid med EUs Jernbanepakke IV.

Gjennom fråsegner, allianse arbeid, lesarinnlegg og redaksjonelle oppslag i media vil vi arbeide med å vise korleis EØS-avtala grip inn i og overstyrer folkestyret i Noreg.

På dei marknadane og messene i fylket, som er opne og tilgjengeleg, vil vi delta for å gjere arbeidet og prioriteringane til Nei til EU synlege og verve nye medlemmer.

Vi vil lage eit årshjul for å strukturere drifta til fylkeslaget gjennom året.

Vi vil legge til rette for at styret og medlemmer kan delta på rådsmøte, leiarmøte og andre aktuelle møte og konferansar i den grad dette er mulig i forhold til smitteverntiltak.. Fylkeslaget dekker alle reise- og opphaldsutgifter til rådsmøte og leiarmøte. Fylkeslaget kan gje støtte til reise og opphald for deltakarar på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til AU.

Vi vil arbeide aktivt med gjenverving av medlemmer. Dette skal vera ei sentral oppgåve for fylkeslaget. Målet er å halde oppe ei stabil medlemstal, minst på det nivå vi hadde i 2020.

Vi vil hjelpe til å starte Ungdom mot EU og Studenter mot EU i fylket om det er nokon som vil dra igang eit slikt arbeid.

Vi vil arbeide med å sikre kommunekontaktar i alle kommunane, og der det er mogleg, skal fylkeslaget bidra for å organisere lokallag.

Vi vil bidra til at alle lokallag og lokalkontakter kan klare å få til eit lokal arrangement i 2021.

Vi skal arbeide for å få fleire kvinnelege kommune kontaktar.

Vi skal arbeide for å kunne gjennomføre et opent møte om EØS avtalen og landbrukspolitik i samarbeid med Bondelaget og Bonde og småbrukerlaget.

Vi vil påverke til at det kan handsamast resolusjonar som årsmøtet tar stilling til.